

Protokoll frå møte i regionalt brukarutval i Helse Vest onsdag 26.3.14

Stad: Helse Vest sine lokaler på Forus

Til stades	Forfall
Njål Idsø	
Kari Toftøy-Andersen (vara)	Steinar Andersen
Sofrid Lillebø	
Claus Ingebrigtsen	
Svein Nord Kristiansen	
	Dagfinn Vik
Pål Berger	
Oddveig Birkeland (vara)	Harald Lindvik
	Grete Knudsen
	Else-Berit Ingvaldsen
Synnøve Serigstad, Helse vest	
Bente Aae, Helse Vest	

Sak 18/14 Godkjenning av innkalling og referat

Innkalling og referat blei godkjent.

Sak 19/14 Gjennomgang av styresaker ved kommunikasjonsdirektør Bente Aae

Rapportering frå verksemda

Ventetidsutviklinga per februar 2014 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 67 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 69 dagar. Det er ein liten nedgang samanlikna med januar 2013. Nedgangen er størst i Førde og Stavanger.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per februar 2013, både for innlagde døgnpasientar, dagpasientar og for poliklinisk behandling, medan talet genererte DRG-poeng er marginalt lågare. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2013. Det er også generert fleire utskrivne døgnpasientar innan heile psykisk helsevern, og gjennomført fleire liggjedøgn innan psykisk helsevern for barn og unge.

Det er eit dilemma at det framleis ventar 50 000 kvart år til tross for at aktiviteten aukar.

Prosentdelen fristbrot for behandla gjekk markert ned frå november til desember 2013, og låg på 3 % i februar 2014. Det er ei positiv utvikling i alle føretaka.

Innan somatikken er korridorpasientar framleis ei utfordring, og det gjennomsnittlege talet pasientar på korridor gjekk opp i februar 2014. Innan psykisk helsevern har talet korridorpasientar vore stabilt både i Helse Bergen og Helse Stavanger.

Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen har vore stabilt på eit lågt nivå dei seinaste månadane. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 82 % innan somatikken og 81 % innan psykisk helsevern i februar 2014. Fagdirektørane i dei fire HF-a og Helse Vest RHF er samde om korleis vi skal sikre pasienten «epikrise i handa» ved utskriving. Dette vil krevje ei betydeleg omlegging av dagens system, mellom anna ved at det må leggast til rette for ettersending av supplerande prøvesvar og vurderingar, og at dei pasientadministrative systema må leggast om for å kunne følgje opp ei slik endra rutine. Så langt er tiltaka i «Alle møter» vurdert som viktigast, og kreftane er konsentrert her. Når hovuddelen av nye rutinar og tiltak knytt til «Alle møter» er på plass, vil det vere rett å starte arbeidet med heilt nye rutinar for epikrisar og sluttrapportar, både når det gjeld fagleg innhald og fristar.

Måltaket er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per februar 2014 var det samla sjukefråværet på 7,1 % og sjukemeldt fråvær på 5,7 %.

Per februar 2014 var sjukemeldt fråvær lågare enn per februar 2013. For samla sjukemeldt fråvær er det også lågare enn per februar 2013. 61,84 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for februar 2014 og 64,74 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for februar 2014. SSB.

Det økonomiske resultatet i februar er kr 84,3 mill. som er kr 13,6 mill. betre enn budsjettet.

Kommentar frå brukarutvalet:

Brukarutvalet vil trekke fram dei gode erfaringar ein har med brukarstyrte plassar innan rus og psykiatri. Dette er eit vellukka tiltak, som må utvidast. Brukarutvalet uttrykte bekymring om korridorpasientar på Haraldsplass.

Andre styresaker til styremøtet 2. april:

- Årsrekneskap og årsmelding
- Retningslinjer for brukarmedverkand
- Utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingssyndrom CFS ME i Helse Vest
- Sal av eigedommar ved Valen sjukehus i Kvinherad kommune
- Strategiske midler til investeringprosjekt i private ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest RHF innanfor somatisk og psykisk helsevern
- Plan for internrevisjon 2014
- Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2013
- Etablering av nasjonalt system for innføring av nye metodar - Dei regionale helseføretaka sin rolle og ansvar
- Orientering om årsmelding 2013 frå pasient- og brukaromboda i Helse Vest

Sak 20/14 Styresak om felles retningslinjer for brukarmedverknad

Brukarutvalet finn det merkelig at det skal vere styret sitt rådgjevande organ, men ikkje ha møte og talerett i styremøta.

Utvalet meiner også at det ikkje er behov for ein egen representant for kreftområdet, som eit særskilt diagnoseområde, men at denne pasientgruppa er ivareteke av representantane frå FFO.

Sak 21/14 Gjennomgang av restanseliste til styret

Brukarutvalet ønskjer ei orientering om styresaka «Vurdering av om Helse Vest bør ha differensierte mål for ventetid innan ulike område , med kortare ventetidsmål for dei mest sårbare områda»

Sak 22/14 Orientering om TSB-anbud ved Brita Mauritzsen Næss, Helse Vest RHF

Gjeldende avtalar innen TSB løper ut 31.12.2014. Det er lyst ut nytt anbud den 12. mars med frist 25 april. Presentasjonen er lagt ved.

Pål Berger minna om behovet for erfaringskompetanse, og om viktigheten av recovery-tankegang i TSB.

Sak 23/14 Samhandlingsstatistikk, orientering ved Hans Stenby, Helse Vest RHF

Hovudkonklusjonen frå Helsedirektoratet sin samhandlingsstatistikk 2012-2013 er:

- Tydeligare vekst i primærhelsetenesta enn i spesialisthelsetenesta - gjeld spesielt kostnadene
- Tydelig vekst i tenester nært der pasienten bur
- Virkemidlane har effekt:
 - Oppretta døgntilbod for øyeblinkleg hjelp i 154 kommunar (per august 2013)
 - Utskrivingsklare pasientar tas imot av kommunane, nedgang i liggetid
- Ny kraft og ny retning til forbetningsarbeidet i helse- og omsorgstenestene
- Utfordringar?
 - Har behandlingsforløpet blitt meir oppstykkat?
 - Er vi sikre på at pasientane blir godt nok ivaretatt og ikkje sendt ut av sjukehus eller sjukeheim for tidlig?

Presentasjonen er lagt ved.

Sak 24/14 Brev, invitasjonar

- **Representant til møte med styret for Pasientreiser**
Det er sendt førespurnad til brukarutvalet i Helse Førde om dei kan stille ein representant til dette. Vi avventer svar frå Førde.
- **Brukarrepresentant til SESAM**
Solfrid Fossberg har gått ut, vi treng ein som kan erstatte henne. Dagfinn kan vere ein aktuell kandidat.
- **Invitasjon til helsekonferansen 7-8 mai i Oslo**
Solfrid, Else-Berit, Claus og Njål reiser. Synnøve melder på.

Sak 25/14 Deltaking i prosjekt og arbeidsgrupper, rapporter og oppdatering av oversikt

- Solfrid rapporterte frå møtet i arbeidsgruppa for vidareføring av nettverkssatsing på psykisk helse etter 2014. Arbeidet har ikkje kome så langt enno at noko er offentlig.
- Njål orienterte frå styreseminar for alle styreleiarane i regi av HOD. Leiarane av dei regionale brukarutvala var og inviterte, og viktigheita av brukarmedverknad var eit gjennomgåande tema på samlinga.
- Claus orienterte kort om status i KULE.

Sak 26/14 Fellesmøte med brukarutvala i Bergen 4-5 juni

Vi sender ut invitasjon til brukarutvala med foreløpig program. Påmeldingsfrist er 1. mai.

Sak 27/14 Eventuelt

- Det vil kome ein førespurnad frå prosjektgruppa i HOD som jobbar med nasjonal helse og sykehusplan om å få treffene brukarar i samband med besøk i Helse Vest i mai.
- Neste møte skal etter planen vere i Helse Førde, men vi har ikkje fått respons på henvendinga om brukarutvalet i Helse Førde ønskjer besøk og fellesmøte med RBU. Oddveig undersøker.